

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		03.11.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.11.2020
Hovudutval for næring		05.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Busetjing av flyktingar i 2020 og 2021

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

Samandrag

Som følgje av overføring av integreringsoppgåver frå Integrerings- og Mangfald direktoratet (IMDi) til fylkeskommunane skal Vestland fylkeskommune delta i arbeidet med, og gi uttale til, fordeling av flyktingar til kommunar i Vestland fylke.

Busetjing av flyktingar er basert på «Nasjonalt utval» sine vurderingar av framtidige behov, kriterier fastsette av Kunnskapsdepartementet, og avtalt samarbeid mellom staten og kommunesektoren.

Fylkeskommunen kan påverke busetjingsarbeidet gjennom å nytte sin samla kunnskap om, og samarbeid med kommunane i fylket, utvikling av eigne tenester, og koplingar mellom ulike samfunnssektorar og nivå.

Vestland fylkeskommune vil engasjere seg i utviklinga av nasjonale kriterier for busetjing, og arbeide for at fylkeskommunane vert synleggjort i framtidige avtale mellom kommunesektoren og staten, og får plass i «Nasjonalt utval».

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Anmodningskriterier for bosetting 2021
- 2 Bosetting av flyktninger i 2020 og 2021
- 3 Kriterier for anmodning 2020
- 4 Fordeling av anmodning om bosetting 2020
- 5 Brev om reviderte anmodningstal 2020
- 6 Reviderte anmodningstal 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ei av dei nye oppgåvene fylkeskommunen har fått overført frå staten er å «*..anbefale hvor mange flyktninger som bør bosettes i den enkelte kommune i fylket.*» Det er sagt i førearbeid til oppgaveoverføringa at det skal leggast vekt på fylkeskommunen sine innspel i busetjings saker. I denne saka vil fylkesrådmannen orientere om prosessen rundt busetjing, og komme med nokre tilrådingar for vidarearbeid med dette feltet.

Prosess:

Busetjingsprosessen er forankra i ein avtale mellom KS og regjeringa, og byggjer på konsultasjonsordninga mellom regjering og kommunesektoren. Føremålet med avtalen er i fellesskap å løyse dei nasjonale oppgåvene Norge har forplikta seg til når det gjeld mottak av asylsøkjjarar og busetjing av flyktningar. Gjeldande avtale går ut 31.12.2021.

«Nasjonalt utval for busetting av flyktningar og etablering og nedlegging av mottak samt omsorgssentra» (heretter kalla «Nasjonalt utval») er etablert med forankring i avtalen, og har deltaking frå KS/kommunane og staten.

Nasjonalt utval fastset behovet for busetjing på bakgrunn av prognoser over talet på asylsøkjjarar til Norge, prognosar over talet på innvilga asylsøknadar, prognosar over talet på overføringsflyktningar og andre internasjonale forpliktingar. Kor mange flyktningar den enkelte kommune blir bedt om å ta i mot kvart år er såleis basert på ei vurdering av framtidig behov for busetting. Busetjingsbehovet varierer over tid. Det har vore stor nedgang dei siste åra.

Kunnskapsdepartementet fastset kriteria for busetjing, basert på innspel frå Nasjonalt utval. Desse kriteria kan variere noko frå år til år, ut frå dei behov som vert presentert frå Nasjonalt utval.

IMDi legg så fram eit forslag til fordeling av flyktningar til den enkelte kommune. Dette vert gjennomgått, drøfta og justert i fylkesvise møte mellom KS, IMDi og fylkeskommunen. Når desse drøftingane er gjennomført, går det ut brev til kommunane der dei vert bedt om å sei ja til å busetje eit visst tal flyktningar kommande år. Kommunane gjer så sine vedtak basert på det forslag som er lagt fram frå IMDi. Når kommunane har gjort sine vedtak, kan IMDi starte prosessen med å tildele busetjingskommune til den enkelte flyktning.

Kriterier for busetjing i 2021, fastsett av Kunnskapsdepartementet:

For busetjing i 2021 er følgjande kriterier fastsett; jf skriv frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet av 06.07.2020:

- *Flyktninger skal bosettes i alle landsdeler - styrt og spredt bosetting.*
- *Resultater i introduksjonsprogrammet over tid, samt muligheten for å få arbeid eller ta utdanning i regionen, skal tillegges størst vekt.*
- *Kommunens kapasitet og kompetanse til å sikre godt integreringsarbeid skal tas hensyn til ved anmodninger. Dette vurderes blant annet med utgangspunkt i kommunenes innbyggertall.*
- *Som hovedregel skal ingen kommune anmodes om færre enn 10 personer, med mindre det foreligger særskilte forhold.*
- *Kommuner med mottak, inkludert samarbeidskommuner, skal vurderes for anmodning om bosetting.*
- *Det skal tas hensyn til beredskap for opp- og nedbygging av bosettingskapasiteten, stabilitet i tjenestetilbudet og evne til rask omstilling. Det skal også tas hensyn til om kommunen kan bosette flyktninger med store funksjonsnedsettelse.*
- *Det skal, som hovedregel, ikke bosettes flyktninger i områder med særskilt høy andel innvandrerbefolkning. Et område brukes her om en kommune eller bydel.*
- *Det skal i størst mulig grad sikres kontinuitet i bosettingsarbeidet.*

De kvantitative kriteriene skal vektes slik at resultater i introduksjonsprogrammet og muligheten for arbeid og utdanning i regionen vektlegges med om lag 60 prosent og kommunenes kompetanse og kapasitet vektet med om lag 40 prosent. "Høy andel innvandrerbefolkning" vil si om lag 30 prosent.

Kriteria for 2021 er i hovudsak lik dei kriteria som vart nytta i 2020. Det er eitt nytt punkt som skal takast omsyn til i vurderingane; at kommunen kan busetje flyktingar med store funksjonsnedsetjingar. I tillegg peikar departementet på ei %-vis vekting mellom kvantitative og kvalitative kriterier.

Tal busetjingar

Trongen for busetjing av flyktingar i kommunane har variert mykje, men ein topp i 2018. Hovudprinsippet er styrt og spreidd busetjing, basert på frivilligheit frå kommunane si side. Det er stor velvilje i kommunane til å delta i busetjingsarbeidet. Trongen for busetjing i 2021 vil truleg ligge på nivå med 2020, eller lægre.

År	Oppmoding Norge	Oppmoding Vestland
2021	ikkje endeleg fastsett enno	ikkje endeleg fastsett enno
2020*)	5120	675
2019	5350	732
2018	5350	670
2017	12714	1712
2016	18517	2477
2015	11185	1264

**) I brev av 3.sept 2020 er oppmoding om busetjing i kommunane for 2020 nedjustert til 3600 på landsbasis, og til 475 for kommunane i Vestland (jf vedlegg 6)*

Vestland fylkeskommune og busetjing

I forslag til lov om integrering er det sagt at «Fylkeskommune skal anbefale hvor mange flyktinger som bør bosettes i den enkelte kommune i fylket.» Oppgåva er ikkje nærare definert, og i gjeldande avtale mellom KS og staten om busetjing er fylkeskommunane si rolle så langt ikkje drøfta. Dette vil måtte gjerast når ny avtale skal forhandlast. Her må fylkeskommunane nytte KS for å komme i posisjon.

Ettersom oppgåva ikkje har vore nærare definert, har fylkeskommunen sett på prosessen for 2021 som ein lærings- og erfaringsprosess. Så langt har Vestland fylkeskommunen delteke i fellesmøte mellom fylkeskommunane, IMDi og KS der prosessen har vore presentert og drøfta. I tillegg har fylkeskommunen delteke på fylkesmøte med dei same aktørane for å drøfte forslag til fordeling frå IMDi for 2021. Til grunn for desse drøftingane låg to estimat frå IMDi; eit estimat som vidarefører behovet på 2020-nivå, og eit estimat på eit mykje lægre nivå.

Tal frå IMDi viser følgjande om busetjing pr 30.08.2020:

	Norge	Vestland fylke
IMDi sine forslag til busetjing	5120	675
Positive vedtak om busetjing	4911	610
Faktisk gjennomført busetjing	1141	122

I brev av 3.sept 2020 har IMDi nedjustert behovet for busetjing i 2020 til 3600 på landsbasis, og til 475 i Vestland. Det låge nivået på faktisk busetjing, og nedjustert behov for busetjing i 2020 må m.a. også sjåast som ein konsekvens av den alvorlege pandemisituasjonen.

I statsbudsjettet for 2021 er det lagt til grunn at Norge vil imot omlag like mange flyktingar i 2021 som i 2020. Eit moment som er verdt å nemne i den samanheng, er at overføringsflyktingar no utgjør omlag 70% av dei som skal busetjast.

I Vestland fylke er det 24 av 43 kommunar som no er inne som busetjingskommunar. Med utgangspunkt i busetjingsbehov i 2021 som i 2020, er det frå fylkeskommunen si side gitt innspel på at IMDi bør halde oppe tal busetjingskommunar i fylket. Det handlar om kontinuitet, og å ta vare

på busetjingskapasitet og kompetanse som er bygt opp over tid, og å halde oppe beredskap for framtidige behov.

Med utgangspunkt i dei gitte kriteria frå Kunnskapsdepartementet, har fylkeskommunen nytta kunnskapen vår om tilhøva i kommunane i fylket som grunnlag for sine innspel, ikkje minst tilgang til utdanning og arbeid, men også vår kjennskap til kommunen sitt generelle integrerings- og inkluderingsarbeid. Nærleik til tenester som vidaregåande opplæring og karriererettleiing har også vore eit moment som fylkeskommunen har lagt vekt på i sine innspel, i tillegg til kunnskap om arbeidsmarknadssituasjonen. Dette har gitt nokre talmessige justeringar mellom kommunane.

IMDi vil i løpet av oktober sende ut oppmodingsbrev til kommunane for 2021, med atterhald om at forhandlingane i Stortinget rundt statsbudsjettet vil kunne påverke nivå på behov for busetjing.

Erfaringa med årets prosess er at dette er ein styrt prosess frå IMDi med kort tid til å gjere heilskaplege vurderingar rundt forslag til fordeling til den enkelte kommune. Erfaringa er også at medan IMDi har hovudfokus på dei kvantitative kriteria, legg både KS og fylkeskommunen stor vekt på også dei kvalitative kriteria, basert på kjennskap til den enkelte kommune. Fleire fylkeskommunar melder om same erfaring frå busetjingsmøta. Erfaringa tilseier også at fylkeskommunane kvar for seg, og/eller i fellesskap bør drøfta korleis kriteria som er fastsett av Kunnskapsdepartementet kan operasjonaliserast, og om det er område som bør inn i kriteriesettet, og at fylkeskommunane må få meir tid til å gjere vurderingar i høve fordeling til den enkelte kommune. Det bør vere eit mål i busetjingsarbeidet at fylkeskommunane kan delta i utvikling av forslag til busetjingskriterier for 2022.

For det vidare arbeid med busetjing i Vestland, vil fylkesrådmannen initiere ein intern prosess der busetjingskriteria vert vurdert ut frå ulike perspektiv. Prosessen vil også innehalde dialog med kommunane og regionale aktørar. På den måten kan fylkeskommunen utvikle eit kunnskapsgrunnlag som kan gi grunnlag for ei meir strategisk tilnærming til oppgåva busetjing i kommunane, og vi kan tilføre regional og lokal meirverdi til oppgåva. Vestland fylkeskommune vil samarbeide med andre fylkeskommunar i dette arbeidet, og nytte dette som innspel til KS med tanke på både utvikling av kriteriesett for 2022, og for å vise meirverdien som ligg i at fylkeskommunane tek ei aktiv rolle i dette arbeidet.

Vedtakskompetanse
Fylkesutvalet; jf fylkestingssak 47/2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Busetjing av flyktningar er gunstig for kommunar

Klima: Busetjing er startpunktet for kvalifisering av verdsborgarane våre der kunnskap om klima er ein fast del av opplæringa og den har positiv effekt på klima.

Folkehelse: Å bli busett i ein kommune er første viktige steg for ein flyktning for å starta det nye livsløpet sitt og har derfor direkte positiv effekt på folkehelse.

Regional planstrategi: Busetjing av flyktningar i kommunane våre har balanserende effekt på folketalet i regionen vår på generelt grunnlag.

Internasjonal forplikting: Busetjing av flyktningar er ein del av dei internasjonale forpliktingane våre definert av FN til å løysa flyktningproblemet på verdsbasis

Konklusjon

Fylkeskommunen vil utvikle arbeidet med busetjing av flyktningar i kommunane i samarbeid med kommunane. Vestland fylkeskommune vil også bidra til å påverke utviklinga av dei nasjonale kriteria for busetjing. Vidare vil vi arbeide for at fylkeskommunane vert synleggjort i framtidige avtale mellom kommunesektoren og staten, og får plass i nasjonalt utval.